

**Regional plan for kultur, referat frå møte i
administrativ styringsgruppe 01.09.17 i
Storehagen Atrium, Førde**
Referent: Siri Ingvaldsen

Deltakarar: Gerd Fløde Bjørlo, Anita Norheim, Hilde Bjørkum, Njål Hopen Elisasson, Ingebjørg Erikstad, Siri Ingvaldsen
Forfall: Åge Avedal, Terje Heggheim, Jan Heggheim

Ingebjørg Erikstad leidde møtet.

Sak 1 Godkjenning av referatet frå møtet 20.06.17

Referatet vart godkjent.

Sak 2 Oppsummering frå dialogmøtet med partnerskapen 23.08.17

Oppsummeringa var sendt ut på førehand, og er no tilgjengeleg på nettsida til fylkeskommunen:
<http://www.sfj.no/regional-plan-for-kultur.422941.nn.html>
I møtet gjekk vi gjennom hovudpunkta i oppsummeringa.

**Sak 3 Oppsummering frå internt arbeidsmøte 22.08.17 med kulturavdelinga,
fylkesbiblioteket og fylkesarkivet**

Hovudpunkta frå det interne arbeidsmøtet 22.08.17 vart refererte. Presentasjonen vert sendt styringsgruppa.

Sak 4 Oppsummering frå presentasjon i FRM leiargruppe 28.08.17

I FRM leiargruppe vart det understreka at vi må avgrense arbeidet, jf. vedtaket i planutvalet 03.05.17. Viktig å få til god samanheng mellom planprogrammet og den ferdige planen. Det vart òg peika på at ein i mange planprosessar har brukt for mykje tid på kunnskapsgrunnlaget. I prosessen vidare blir det viktig å kople arbeidet til aktuelle FoU-miljø og å lytte til signala som kjem frå statleg hald i samband med utarbeiding av ny kulturmelding. Det er avtalt innspelmøte med Kulturdepartementet 17.01.18.

Sak 5 Utkast til planprogram - drøfting av målformuleringar, satsingar og avgrensingar

Notat var utsendt til styringsgruppa i forkant av møtet. Diskusjonen gjekk særleg på formuleringar om mål og inndeling av plantema. Det var semje om at styringsgruppa skulle få utkastet til ny gjennomlesing i løpet av veke 37, og gi ei rask tilbakemelding.

Merknad frå referent: Endringar vart innarbeidde i utkast til planprogram og sendt styringsgruppa til gjennomlesing 06.09. med frist for tilbakemeldingar 08.09. Etter ny omarbeiding vart utkastet sendt vidare for klargjering til politisk handsaming, sjå vedlegg. Fylkesutvalet skal 27.09.17 ta stilling til om planprogrammet skal leggest ut på høyring.

Vedlegg:

Oppsummering frå internt arbeidsmøte med kulturavdelinga, fylkesbiblioteket og fylkesarkivet 22.08.17

Planprogram regional plan for kultur, høyringsutkast september 2017

Mottakar (ar)

Gerd Fløde Bjørlo
Terje Heggheim
Anita Nordheim
Aage Avedal
Hilde Bjørkum
Njål Hopen Eliasson
Jan Heggheim, NKA
Ingebjørg Erikstad, NKA

Kopi til:

Eva Moberg, NKA
Sissel Lillebø Aarseth, NKA
Øyvind Sunde Høstaker, NKA
Jarlaug Lauritsen, NKA
Anja Angelskår Mjelde, FBIB
Arnt Ola Fidjestøl, FARK